

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler	Dato
20251408	08.09.2025	25/21967 -	Synnøve Valle - 712 80 239	10.12.2025
6		25/144337		

Høyring av melding med forslag til utgreiingsprogram - Nedre Driva kraftverk

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld høyring av melding med framlegg til utgreiingsprogram for utviding av Driva kraftverk. Utvidinga inneber bygging av eit nytt Nedre Driva kraftverk, etablering av et pumpeanlegg ved Festa i Oppdal for å løfte vatn frå elva Driva opp til Gjevilvatnet, etablering av nye bekkeinntak i tillegg til ei senking av lågaste regulerte vasstand (LRV) i Gjevilvatnet med 5 meter for å auke magasinetts kapasitet og fleksibilitet.

MERKNADER TIL UTGREIINGSPROGRAMMET

Samfunns- og næringsutvikling

I Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028 kapittel 6 Mål for verdiskapingsfylket er det påpeika i 6.1 at «Vi må ha nok energi og utnytte teknologien». Fylkesplanmål 6.2 V2 seier vidare at «Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og

basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft». Realisering av dei skisserte planane for Nedre Driva kraftverk vil bidra til måloppnåing av fylkesplanmål V2, som følgje av auka produksjon, effekttilgang og magasinkapasitet for elektrisk kraft samt forbetring av nettinfrastrukturen i regionen.

Landbruk

Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre formål. Matjord må sjåast på som ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på for all framtid. I utgreiingsprogrammet er det skissert eit mogleg tippområde ved mellom anna Hjellan i Sunndalen, i eit landskap med dyrkajord og skogområde.

Både nasjonale og regionale styresmakter har vedteke ambisiøse jordvernmål: I nasjonal jordvernstrategi har Stortinget fastsett eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 2000 dekar. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok ved handsaminga av fylkesstrategi for landbruk 2023-2026 at den årlege omdisponeringa av dyrka jord i fylket ikkje skal overstige 100 dekar. Dette inneber at vi må vere svært restriktive med å omdisponere dyrka jord.

Kulturmiljø

Vi saknar skildring av konsekvensar for føring av vatn austover til Tovatna. Kva konsekvensar vil auka vassmengd i Tovatna og mindre vassføring ned til Innerdalsvatnet og Ålvundelva/Ulvåa få for kulturminne i og ved dei berørte vatna, bekkene og elvane? Mindre vassføring ned Innerdalsvatnet vil påverke vasstanden der og landskapsvernområdet og kulturmiljøet rundt Rendølsetra som ligg på regional delplan for kulturminne. Endra vassføring kan òg få konsekvensar for opplevinga av landskapet.

Automatisk freda kulturminne

Vi vil stille krav om arkeologisk registrering av berørte område for Nedre Driva kraftverk, jamfør § 9 i Kulturminnelova. Områda som blir omfatta av Nedre Driva kraftverk strekker seg frå fjord til høgfjell og rommar stor variasjon i landskap og stor variasjon i type kulturminne. Her er det potensiale for funn av ukjente automatisk freda kulturminne frå jakt og fangst, seterbruk og busetjing. Når det føreligg detaljplan, vil vi utarbeide eit budsjett for den arkeologiske registreringa. Vi påpeikar at også mellombelse tiltaksområde må undersøkast, som til dømes rigg, deponi, anleggsvegar etc. I den samanheng ønsker vi meir detaljer om korleis ein skal gjennomføre anleggsarbeidet ved overføring av vatn frå Bekkeinntak i Gresjo I og II og Sandvikelva I og II, særleg med tanke på frakt av utstyr og eventuelt behov for opparbeiding av anleggsvegar.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027 fastset miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag, der hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i

løpet av planperioden. Rammene viser korleis vi ønsker å forvalte vassmiljøet og ressursane i eit langsiktig perspektiv. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømåla ikkje blir oppfylte, eller at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårlegare. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Heile prosjektområdet ligg innanfor Møre og Romsdal vassregion, og Søre Nordmøre og Nordre Nordmøre vassområde. Det er regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal som gjeld.

Som vassregionmyndigheit er Møre og Romsdal fylkeskommune opptatt av at all planlegging skal ta omsyn til vassmiljøet. For alle tiltak kor vassmiljøet kan bli påverka, må det skaffast nok kunnskap til at ein ser kva for konsekvensar tiltaket vil få på vassmiljø og naturmangfald. Omsynet til fiskeinteressane og ivaretaking av fisk og andre ferskvassorganismar sine økologiske funksjonsområde skal ivaretakast (jf. lakse- og innlandsfiskelova § 7). Dette omfattar både vassstrengen og strandsona, kantvegetasjon og evt. influensområde som kan bli råka.

Det skal utarbeidast eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i alle saker som angår vassmiljø. Det vil seie at utgreiingar skal gi svar på korleis forslaget vil påverke vassmiljøet. Det skal gi svar på om det er fare for svekking av miljøtilstanden, eller at ein ikkje vil nå miljømåla for vassførekomst i planområdet eller influensområdet.

Driva som nasjonalt laksevassdrag

Utgangspunktet i eit nasjonalt laksevassdrag er at nye inngrep som kan skade villaksen ikkje er tillatt. For å få løyve til tiltak i eit slikt vassdrag, skal det takast særleg omsyn til villaksen sine leveområde. I vassdrag med gyrosmitte er det ikkje lov til å gjere tiltak som kan medføre spreiding av smitte. Pumping av vatn frå Driva vil medføre endring i hydrologi nedstraums pumpestasjonen. Det er allereie mange tiltak i elva Driva som påverkar den negativt. Samla belastning må vurderast saman med isolerte utfordringar. Møre og Romsdal fylkeskommune er i utgangspunktet negativ til tiltak som kan redusere tilstand i Driva og ha negativ effekt for anadrom fisk i Drivavassdraget.

Konsekvens for Toåa

I regional vassforvaltningsplan er Toåa prioritert for minstevassføring/miljøbasert vassføring gjennom vilkårsrevisjon. Prosessen med revisjon av vilkår i Toåa er ikkje starta. For å sikre ei heilskapleg tilnærming, må minstevassføring og revisjon av vilkår i Toåa inngå i utgreiinga og bør vurderast inn som ein del konsesjonsprosessen for Nedre Driva kraftverk. Tovatnet er allereie regulert av dagens Driva kraftverk og ligg i Trollheimen landskapsvernområde. Plana er å leie vatn frå Langvatnet, via Tovatnet til Gjevilvatnet. Om det vil bli nye endringar i regulering av Tovatnet er ikkje nemnt i forslag til utgreiingsprogram. Det må vurderast om konsesjonsvilkåra som gjeld Tovatnet blir berørt. Toåa renn ut frå Tovatnet og vidare ned til Todalsfjorden i Surnadal. Toåa er eit varig verna vassdrag. Det må utgreiast om tiltak vil medføre hydrologiske

endringar i Toåa og om det vil bli konsekvensar for vassmiljø, natur- eller verneverdiar. Toåa ligg i Surnadal kommune som dermed er berørt og må involverast.

Utgreiingsprogram og tema

Melding med utgreiingsprogram har følgjande tema:

- Bygging av nytt kraftverk, inntak Gjevilvatnet, utløp i Sunndalsfjorden
- Etablere pumpe ved Festa, overføre vatn frå Driva til Gjevilvatnet (magasin)
- Senking av LRV i Gjevilvatnet med 5 m
- Overføring av bekkar frå sidevassdrag nord for Driva (Gresjø og Sandvikselva)
- Overføring av Langvatnet (Ålvundvassdraget) til Tovatna
- Massedeponi ved Storli, Festa, Hjellan, Sandvika og Sunndalsøra

Alle desse tiltaka vil påverke mange vassførekomstar direkte eller indirekte. Forslag til utgreiingsprogram seier at ein vil ha størst fokus på Driva. Vi meiner at alle vassførekomstar skal ha same merksemd, både pga. av at dei bidreg med vatn til anadrome vassdrag (Driva, Ålvundelva og Toåa), og fordi det kan vere andre sårbare artar eller naturtypar som krev beskyttelse i samsvar med vassforskrifta.

Utgreiinga må vise ei tydeleg kopling mellom utbygginga og vassforskrifta sine krav. I dette ligg det ei konkret vurdering av påverking på miljømål for ALLE vassførekomstar som vil bli direkte råka, samt vassførekomstar i influensområdet. Desse vassførekomstane skal vurderast etter vassforskrifta §§ 4 og 12. Utgreiingsprogrammet må identifisere og vurdere alle vassførekomstar eksplisitt. Utgreiinga må også vise samla belastning (alle eksisterande og planlagde inngrep) og evt. alternative løysingar eller kompenserande tiltak. Påverking på grunnvassførekomstar og drikkevatt må inngå i utgreiingsprogrammet. Ved vasskraft vil vassførekomstar kunne bli vurdert til SMVF og få nytt miljømål. Dette må beskrivast og grunngjevast.

Nullalternativet, dagens situasjon, er vurdert og alternative utbyggingsalternativ er sett på. Det valte konseptet vil få mindre miljøpåverking som følgje av gunstige topografiske forhold for tunneldriving og etablering av tverrslag, utbygginga vil i hovudsak vere utafor verneområde og skal leggjast i område med eksisterande inngrep ifølgje forslag til utgreiingsprogram. Prosjektet er beskrive som ei opprusting og utviding av eksisterande Driva kraftverk. Planen er å sende ein konsesjonssøknad til NVE når ein har innhenta kunnskap om fordelar og ulemper med prosjektet. Sunndal kommune viser til behov for å sjå på konsesjonsvilkåra for dagens Driva kraftverk for å kunne sjå på samla belastning. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller oss bak vurderinga til Sunndal kommune.

Område for deponi må vurderast med tanke på vassforvaltning og naturmangfald. Dersom det planleggast å deponere massar i nærleiken av vassdrag må det gjerast ei grundig vurdering av konsekvensar for vassmiljøet. Det skal omfatte hydrologiske forhold, risiko for sedimenttransport og erosjon, fare for forureining (t.d. sprengstoffrestar) og naturmangfald

knytt til vatnet. Avbøtande tiltak må beskrivast. Utgreiinga må også her vise korleis omsynet til miljømål blir ivareteke. Eit auka utslepp av ferskvatn i fjorden må også sjåast i samanheng med planer for nytt Aura kraftverk med utslepp i same fjordsystem

Verneområde og verneplan for vassdrag

111/1 Ulvåa til Ålvund – Ålvundelva renner frå Innerdalen og har utløp i Ålvundfjorden og er ein del av verneplan for vassdrag. Heile nedbørsfeltet er del av vernet. Ved nye tiltak skal ein vurdere om tiltaket vil kunne påverke formålet med vernet og områda sin verneverdi.

Langvatnet (Renndalsvatn) er ein del av verneområdet. Vatnet er allereie regulert gjennom konsesjon til Ulvund kraftverk som er eigd av NEAS Energi Telekom AS. I gjeldande konsesjon er det gitt eige manøvreringsreglement som viser til slipp av vatn til Ålvundelva. Ein må vurdere korleis denne konsesjonen skal behandlast dersom Nedre Driva skal hente vatn frå same vasskilde, samt vurdere korleis ny tapping av vatn frå Langvatnet til Tovatnet og vidare til Gjevilvatnet vil påverke miljø- og verneverdiar i Ålvundelva. Langvatnet ligg i tillegg i Innerdalen landskapsvernområde.

Gresjo drenerer til Ålvundelva og er også ein del av verneområdet 111/1 Ulvåa til Ålvund. Den renn inn i Ålvundelva ovanfor Dalen gård. I tillegg ligg Gresjo i Trollheimen landskapsvernområde. Konsekvensar av overføring av vatn til Nedre Driva kraftverk for elvemiljø og natur i Gresjo, samt for Ålvundelva, må utgreiast. Vurderinga må vise korleis overføringa vil påverke verneverdiane.

Sandvikelva renner gjennom Oppdølstranda naturreservat. Her må utgreiinga gjere greie for korleis endring i hydrologi vil påverke miljøverdiane i elva og verneverdiane i naturreservatet.

Konsekvensar som må utgreiast

Konsekvensar for miljøtilstand og miljømål i aktuelle vassførekomstar:

Konsekvensar for laks og sjøaure:

- Endring av vassføring og temperatur i alle vassførekomstar
- Påverking på gyte- og oppvekstområde
- Påverking på smoltvandring og gytevandring (vandringsførande vassføring kan vere meir enn det som krevst ved minstevassføring)

Konsekvensar for aure og røye:

Endring av vasstand i innsjøar, gytemoglegheiter og mattilgang

Endring av vassføring, vandrings- og gytemoglegheiter

Andre konsekvensar:

- Konsekvensar for andre planter, dyr, insekt og fuglar knytt til vatnet, og marint naturmangfald
- Fare for spreieing av framande artar: gyro, ørekyte, evt. terrestriske framande artar

- Dokumentasjon på korleis nytt kraftverk vil forholde seg til statusen til Driva som nasjonalt laksevassdrag. Korleis vil ein sikre at miljømål vert oppretthalde?
- Alternative løysingar og avbøtande tiltak som varetek interessene for anadrom laksefisk, inkludert miljødesign og minstevassføring, og løysingar som varetek naturmangfald og landskap må beskrivast.

KONKLUSJON

Vi viser til innspela våre og ber om at desse vert tekne med i det vidare arbeidet. Ved spørsmål, ta kontakt med fagsakbehandlar.

Med helsing

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal
Sunndal kommune

Fagsaksbehandlar:
Samfunnsutvikling: rådgivar Per Oterholm, tlf. 71 28 02 24
Kulturmiljø og automatisk freda kulturminne: arkeolog Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26
Vassforvaltning: rådgivar Åsa Fredly, tlf. 71 28 02 28